

Møtereferat frå styremøte nr.2 2018

Dato: 20.04.2018

Tid: 08.30 – 11.00

Stad: Hotel Brosundet

Desse møtte:

Styreleiar Jan Ove Tryggestad, Stranda Kommune
Styremedlem Lena Landsverk Sunde , Sunde kommune
Styremedlem Dag Olav Tennfjord, Skodje kommune
Styremedlem Synnøve Vasstrand Synnes, Ørskog kommune
Marit Larssen, Giske kommune
Vebjørn Krogsæter, Haram Kommune

Forfall:

Eva Vinje Aurdal, Ålesund kommune

Frå adm. møtte:

Dagleg leiar, Jan Kåre Aurdal
Kontormedarbeidar, Linn Cesilie Fosse

Sak 12/2018: Godkjenning av innkallinga.

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad
Innkallinga vart godkjent.

Sak 13/2018: Godkjenning av referat frå forrige styremøte nr.6- 10.11 2017

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad
Referat frå styremøte 10.11.2017 vart godkjend.

Sak 14/2018: Strategi – Kva kan vi gjere saman?

Ved Jan Petter Eide, HNI/JP Konsult

Jan Petter Eide, er engasjert av Haram Nærings- og Innovasjonsforum i arbeidet med å vidareføre, og kommunisere verdien av «Haram-modellen» i ein nyorientering av næringssamarbeidet i regionen.. Det er tankesettet som skille denne frå andre modellar som er utprøvd i vår region.

Modellen har gitt grunnlag for eit langsiktig samspel mellom kommune, næringsliv og andre aktørar som alle har ein viktig rolle i utviklinga av eit konkurransedyktig samfunn.

Har dette også relevans for Sunnmøre Regionråd i sitt arbeid ?

Kan vi gjere noko saman ?

Dette var tittelen på mitt foredrag for representantskapet i SR, 07. mars. Spørsmålet er i seg sjølv ledande, men ein naturleg oppfyller er; I såfall, saman med kven ?

Som eit resultat av dei reformkreftene som no viser seg, er det mange aktørar som melder seg. Kven er desse, og kva kan dei melde ?

Til samlinga 20 april, er eg bedt om å vidareutvikle dei regionale perspektiva knytta til korleis Sunnmøre kan mobilisere for framtida. Eit sentralt arbeid å bygge dette på er m.a. – Sunnmøre i Framtida – eit scenaristisk perspektiv på Sunnmøres utfordringar i årene som ligger framfør.

Mykje handlar om samarbeid og samspel, men kven er på og kven er av ? eg skal prøve å belyse dette. Hovudsaka i mitt foredrag er å sjå kor Sunnmøre Regionråd kan ta ein posisjon, og utvikle denne. Med andre ord; Frå ord til handling. Kor står SR og kor går Sunnmøre ?

Ein form for samarbeid kan dreie seg om å fremje det indre livet i regionen, dvs. korleis man skal ha det saman, løyse praktiske oppgåver saman osv. Mykje tyder på at dette har hatt hovudfokus dei seinaste årene. Det ligger sterkt nedfelt i formålsparagrafen til regionrådet, at all styrking skal omfatte den enkelte, og ikkje nødvendigvis regionen som en einheit. Om ein slik tilnærming kan føre til noko sterkt Sunnmørssamarbeid, er usikkert, og kanskje ikkje noko poeng heller, formålet tatt i betraktning. Fokus vil i denne tilnærminga først og fremst vere på kva som er praktisk og tenkeleg for den enkelte kommune.

Ein anna form for samarbeid, som kanskje betre fangar oppfordring gjennom – Sunnmørsanalysen frå 2010- , er at ein går saman om å sørge for at Sunnmøre hevder seg best muleg utad. Her vil fokus vere på kva som tener regionen, og dermed også - ideelt sett – alle sitt felles beste. Den eine forma utelukker ikkje den andre, men Sunnmøres evne til å hevde seg utad bør kanskje i større grad ansjåast som overordna, fordi mange av rammene for regionen sitt indre liv kan verte påverke av dette. Dersom dette perspektivet tas inn, snakkar vi om strategisk arbeid.

Som Richard Florida sa: « Dokke har alt dokke treng for å lukkast, men?

Den utfordringa dokke har er at regionen er veldig fragmentert, med mange ulike samfunn som arbeider aleine»

Kva kan ein gjere saman på næringslivssida?

Og kva kan Sunnmøre Regionråd gjere for å løfte næringsperspektivet?

- Næringsutvikling
- Kampen om statlege- og andre offentlige midlar, utbyggingar
- Vere attraktivitet
- Skapande region
- Skapande samfunn
- Tilhøyrighet

Utfordringar for Sunnmøre Regionråd:

- Nye kommune lover
- Konkurransen frå andre aktørar
- Må vere meir frampå
- Fremje meir aktivitet
- Næringsutvikling
- Kamp om statlege midlar og andre offentlege midlar
- Sunnmøre må løftast igjennom samarbeid

« By og rand, hand i hand»

Kor starter vi ?

Kva er vår visjon og strategiske posisjon?

Kva er vår konkrete strategi og strategiske initiativ?

Kven er vi?

Kommune og næringsliv:

Bedriftsleiarar blir i alt for liten grad invitert inn i kommunane og omvendt.

Kommunane og næringslivet bør bli betre kjent med kvarandre , det må bli lettare å samarbeide.

- Verdiskaping
- Attraktivitet
- Kompetanse
- Velferd

Vi må vere ein nyskapande og innovativ region.

Det hjelp ikkje å vere den største om vi ikkje har skaparkraft og leiarskap.

Sunnmøre i framtida. Kven er vi?

Kva er vår visjon og strategiske posisjon? Kva er vår misjon og strategiske posisjon? Kva er våre strategiar og strategiske initiativ? I eit bilete ser ein det ein er vandt til å sjå.- Kommunegrensar skaper forskjellige kulturar.

Næringsstrukturen i Møre og Romsdal, 4. kvartal. Produserande samfunn (industri) 60 000 i Møre og Romsdal, handel og privat service 25 000 og offentleg sektor 45 000. Løysinga ligg i det produserande samfunn. Her kjem overrissing.

Fordelinga av regionale utviklingsmidlar, Sunnmøre får 423 mill., mens Romsdal får 790 mill.

Det er ein utfordring å få forskingsmidlar til å omsette kunnskap til pengar. Samspelet med næringslivet eig ikkje kommunane sjølve. Korleis kan kommunane bidra? Framsnakking. Kommunen er underleverandør i grunnskulen og vidaregåande skule. 240 milliard i produksjon i MR.

Den nye kommunen skal ha ei tydelig satsing på næringspolitikk. «Haramsmodellen» for næringsutvikling skal vidareførast i tilknytning til Haram Nærings og Innovasjonsforum.

Ålesund: industri 9,6% Haram: industri 42,9%. Det er ein rand og eit betenande sentrum.

Kulturforskjellen kan utfordre heilheta i tilnærminga.

Nasjonale føringar:

-Dei store skal bli større/dei sterke skal bli sterkare

-Mot et grønnare samfunn

-Agendaen og definisjonsmakta må takast regionalt, dette gjeld også Sunnmøre

Kunnskap + kapital = framtid. Utvikle kunnskap mellom praktisk bruk og «know how».

I går var ein opptatt av støtteordningar. Alle er i dag opptatt av innovasjon. Ein må til topps i pyramiden, til verdiar og relasjonar (organisatoriske strukturer og institusjonar).

Vi treng ikkje gå langt for å finne samfunn som ikkje er vendt mot verda. Vi må vere oss bevisst på grunnfjellet. Vi er ein del av ein samanheng.

Kan ein ta ein unik posisjon basert på kulturelle forhold (verdiar, relasjonar, organisatoriske strukturer, identitet og branding og ledelse)?. Korleis eit område blir oppfatta er knytta til ledelsen. Politikken må vere ein del av dei kulturelle forholda.

Blue Growth Industri (også turisme og landbruk). Den blå verda. Brussel -kontoret vil legge til rette for kompetanseprogram i blå-vekst segmentet.

Storbyregion-reforma. Oslo, Bergen, Stavanger og Trondheim. Program for planlegging mot større byer/regioner. Ålesund sin styrke er å utvikle eit område for ocean pioneering.

Mellomstore byer med deltakelse i nasjonale program for miljømessig transport.
Haram-modellen; fortid eller notid. Modellen tar for seg ting ein kan gjere noko med.
Næringsliv kan erstattast med næringsssamfunn, kompetanse i NTNU.

Sak 15/2018 Høgskulen i Volda

Orientering ved Jan Kåre Aurdal og Jan Ove Tryggestad

Styreleiar og dagleg leiar orienterte om vidare samarbeid med HIV.